



Sundag klokka 16 blir den tradisjonelle og populære husbasaren på Vonheim avvikla og husstyret håpar på eit godt resultat også i år.

I fjor vart det sett ny rekord med 13.000 kroner og det var 3.000 meir enn året før. Dei som bur frå Haugland og oppover er flinke til å støtta forsamlingshuset sitt.

Også i år blir det avvikla årsmøte i samband med basaren og det blir andakt ved Inger Elise Helgeland. Og så blir det sjølvstakt servert kaffi, brus og kaker.

Bileta er frå to tidlegare Vonheim-basarar - i 2007 og 2008 (øverst).

(Foto: Britt Torill M. Mathiesen og Ola Matti Mathisen)

